

**Viser til anmodning pr.tlf 13.12.2012 frå Kvinnherad Kommune, om  
motsvar på klage ang. Vedtak i Forvaltningskomiteen 13.06.2012  
ref sak nr 2012/79**

**Frå Byggjemeldar og eigar av Gnr.129 Bnr.4 Tor Jarle Kjærland**

Angående konsesjonssaka står eg fast på førre utsegn:

So vidt eg har forstått, so er da Fylkesmannen sitt konsesjons-vedtak, og ikkje diverse uttalelsar i saksproessen som er gjeldande. Eigar av Gnr 129 Bnr1 , hadde gode odds for å få lagt føringar og grensejusteringar i forkant av konsesjonen som eg fekk. Diverre for oss begge, misbrakte han den sjangsen. Dette kan nok bekreftast av Kommunen sin representant, Terje Natland. I konsesjons-dokumentet er ikkje anna krav enn bu og driveplikt.

Driftsmessige ulemper.

Denne metaforen er brukt i denne klagen også. Men grensene går der dei har gått og den gamle låven står temmeleg roleg der den har stende i 120 år. Kva ulemper er det snakk om? Døssland får koma med betre argument enn førre omgong. Ulempene til Døssland er

nok meir på det mentale plan, nemleg at nederlaget frå konsesjonssaka svir enno.

Påbygget er planlagt slik at da vender vekk frå bruk nr 1. Og likeeins vil den daglege aktiviteten bli flytta tilsvarande lengre vekk frå bruk nr 1. Dermed meiner eg at dei hensyn eg kan og bør ta, er tekne.

Lowerket

Sjølv om Adv. Lillejord og Døssland sjølv, tykkjer eg burde riva gamlelåven, so kjem ikkje da til å skje. Likeeins kjem låvebrua til å stå der ho alltid har stende. Same gamle gode låvebrua. Men låven skal få ny kledning på veggane, og taket skal reparerast. Reisverket er nemleg godt brukande som det er. Største endringa vert at hovedtilkomsten min, til 1. etg i låven, vert flytta slik at den vender vekk frå bruk nr 1. i motsetning til i dag.

Kommunen si anvending av plan og bygningslova er rett.

Med vennleg helsing

Uskedalen 28/12/2012

Tor Jarle Kjærland